



JUBILEUM: Olav Fridtun og tiuren.

## 30 år med tiurleik og villmarksmuseum

Sommaren 1984 vart Massnes Villmarksmuseum registrert og opna for publikum. Samstundes starta Olav Fridtun med oppdrett av skogsfugl.

Sidan då har publikum kvart år fått oppleve tiurleik og utstoppa dyr og fuglar på Massnes ved Sog-

nefjorden. I den spede starten var dei zoologiske utstillingane heime i huset til Fridtun. Men 8. juli 1992 opna dagens museumsbygg og gjestane fekk dermed tilbod om kafé og kulturhistoriske utstillingar i tillegg til utstillingane av dyr og fuglar. Etter den tid har utstillingane auka litt for kvart år. Og no er det eit stort

spekter av kulturhistoriske gjenstandar, dyr og fuglar utstilt. Utandørs finn du ein idyllisk natursti med spørsmål og om våren kan du oppleve ekte tiurleik.

Bakgrunnen for etableringa av museet var at Fridtun sakna eit slikt reisemål då han gjekk på skulen. I utgangspunktet var der-

for skuleklassar målgruppa for museet, men no er det besøkjande i alle aldersgrupper og frå mange ulike nasjonalitetar.

– Det har vore kjekt å drive museet desse 30 åra, seier Fridtun som har hatt begeistra gjestar frå alle verdsdelar innom i løpet av åra.

Tekst og foto: Kristin Myren

# Sommarjobb på Sletta-prærien

**RADØY:** - Supert å ha sommarjobb midt i utvandringshistoria sitt Mekka, synest Magnus Akselberg Iversen. 17-åringen frå Åsane er omvisar på Sletta-prærien i sommar.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
redaksjonen@nordhordland.no

Magnus kan leksa si. Han er kunnskapsrik og historieinteressert, og er tydeleg engasjert i å fortelja gjestane om den spennande emigrasjonshistoria. Han krydrar gjerne forteljinga med si eiga historie om tippoldefaren som reiste til Amerika i 1906.

### Bygde veg i Washington

-Tippoldefar var forlova då han drog, og han gifta seg med sin kjære då han kom tilbake i 1916. I dei sju åra han var borte hadde han mellom anna bygt veg i Washington. Han kjøpte jord i Jølster og bygde seg gard der, fortel Magnus.

Han synest det er fascinerande med den store folkevandringa til Nord-Amerika, til ein nasjon som har vakse seg stor og blitt ei supermakt.

Mange drog frå bergensområdet og bygdene ikring for å få seg eit nytt liv på andre sida av Atlanterhavet.

– På Sletta var det bra forhold for landbruket, likevel var det mange som reiste over også frå desse bygdene. Det er mange hus rundt om i landet som er bygt for Amerika-pengar, slik det også er på Sletta. Nokon lukkast, andre ikkje, seier Magnus.



**SPENNANDE SOMMARJABB:** For ein som er historieinteressert er det midt i blinken å ha sommarjobb som omvisar på Utvandringssenteret på Sletta. Magnus Akselberg Iversen fortel gjerne om tippoldefaren som bygde veg i Washington.

Han trekkjer gjerne fram Ole Iversen Sætre, ein av dei lokale emigrantane som har fått ein spesiell plass på Utvandringssenteret, mellom anna med ei lita utstilling i kjellaren i Emigrantkyrkja.

### Leitar etter slekt

Magnus hadde ikkje vore på

Utvandringssenteret før han fekk sommarjobben. Han hadde berre kjørt forbi. Han fortel at det er veldig varierande kor mange besøkjande som kjem innom dagleg.

– Nokre dagar er det få gjestar, andre dagar er det større grupper her. Dei fleste gjestane er nordmenn og norskamerikanarar, for-

tel Magnus, som er elev ved Bergen Katedralskole.

Mange har slekt som har utvandra til Amerika. Magnus merkar god interesse for registeret over emigrantar frå Vestlandet som er bygt opp ved Utvandringssenteret.

–Her får nordmenn hjelp til å finna spor etter sine som har

utvandra, og etterkomarane til emigrantane kan spora opp sine forfedrar, fortel Magnus.

Utvandringssenteret vert rekna å vera over rundt 1930.

– Ei av årsakene var det store økonomiske "krakket" som ramma verda på den tida. Det gjorde det ikkje lenger så attraktivt å reisa ut, seier Magnus.

## «Lækjarkontoret» skal stå permanent

**RADØY:** Utstillinga "Lækjarkontoret" blir ei permanent utstilling på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta.

Utstillinga som vart offisielt opna under Utvandringssenteret sist helg, fortel om liv og teneste til norsk helsepersonell i det norske Amerika og om sjukehistoria til dei norske emigrantane.

Her får publikum mellom andre møta legen John Christian Serkland og diakonissa Elisabeth Fedde, to helsearbeidarar som gjorde ein stor innsats i det norske Amerika og som har sett store spor etter seg.

Utstillinga skal stå permanent på legekantoret, som er ein av bygningane som er flytta over Atlanteren og gjenreist på Sletta. Det var nytt land og nye sjukdommar. Med få legar og lange avstandar var det tøffe tider både for legar og pasientar. Og tilgangen på medisinske hjelpemiddel var avgrensa. Doktor Serkland visste råd og utvikla like godt si eiga hostesaft.

Elisabeth Fedde fekk svært mange roller i sitt arbeid i Brooklyn, både som sjukepleiar, fattighjelp, arbeidsformidlar, sjelesørgar, og ho etablerte diakonisseutdanning og egne diakonisse-

heimar/sjukehus, der Norwegian Lutheran Deaconesses' Home and Hospital in Brooklyn framleis eksisterer i dag under namnet Lutheran Medical Center.

Etter at Elisabeth Fedde hadde slite seg ut med 10 års intensiv jobb mellom sjuke og svake, reiste ho tilbake til Sørvestlandet.

–Der gifta ho seg med broren til min tippoldefar, som også var søskenbarnet hennar. Så det er vel ein felles tipp-tipp ein eller annan stad. Elisabeth var ei fantastisk dame som fekk utretta utruleg mykje, fastslår Åshild Thorsen.



**UTSTYR:** I ein monter på "legekantoret" på Sletta kan publikum sjå doktor Serkland sitt utstyr.